



Det er i dette steinete lendet Møyfrid og Anders Kristoffersen ønskjer å byggja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Følgjetongen om kårhus på Musland går vidare og Møyfrid og Anders Kristoffersen stillar seg sterkt tvilande til fylkesmannen sine vurderingar i saka.**

Fylkesmannen har sagt seg lei for å ha nytta ordet "frådeling" i staden for "omdisponering". I siste brev nyttar han orda "dyrka mark", men det er også feil.

- Vi har søkt om å omdisponere ein del av eit steinete beiteområde (kampestein og andre stein) til å byggja ei utleigehytte/kårhus. Dette slik at vi kan bu på garden og hjelpe den nye familien med drifta, men utan å bu **oppå**dei. Og at denne hytta seinare kan nyttast som ei inntektskjelde for gardsdrifta, skriv Møyfrid og Anders.

Og dei held fram:

- Når vi ser korleis fylkesmannen nyttar fakta i saka, så vert vi særst tvilande til korleis saka i det heile har vore handsama. Fylkesmannen har heller ikkje vore her, har ikkje førespurt meir informasjon før avgjerd, og har ikkje tatt kontakt for å vurdere om der føreligg særlege grunnar som kunne byggja opp under søknaden.

Fylkesmannen seier ja til ei utleigehytte/kårhus, men ikkje til at den skal byggjast vekke frå tunet. Dette fordi De er redde for ei framtidig frådeling. No ønskjer korkje denne generasjonen eller neste å dele frå noko på garden. Tvert i mot, det er dette vi ikkje vil. Vi ønskjer ikkje å stykke opp garden.

Men om ein slik søknad i uoverskueleg framtid skulle kome, så vil vel fylkesmannen då handsama denne etter lovar og reglar som gjeld? Underteikna synes det er ei merkeleg grunngeving å seie nei i dag for å lette ei avgjerd ein gong i framtida, på ein søknad som sannsynlegvis ikkje vil kome. Har fylkesmannen heimel i lov til å grunnge ei avgjerd slik, spør Møyfrid og Anders.

Av Ola Matti Mathisen

